



HAUGSBYGDA: Gunnar Skorpen, Geir Flø og Ingebjørn Aasheim i GS Marine med nyskapande transportløyning.

Foto: Kjetil Haanes

Sande-selskap med gjennombrøt på Færøyane



Kjetil Haanes

14.03.2019 05:58


- Dette vil revolusjonere måten å tenke hurtigbåt på.

Det seier skipsingeniør og båtutviklar Ingebjørn Aasheim ved GS Marine.

Gursken-selskapet har nyleg signert kontrakt om bygging av ein 27 meter lang karbonfiber-katamaran med det statlege færøyske transportselskapet Strandfaraskip Landsins.

Men det kan verte mykje meir, og det er heller ikkje snakk om ein vanleg katamaran.

- Vi leverer i praksis eit komplett transportsystem, seier Aasheim.



TRANSPORTSYSTEM: Katamaranen vert automatisk festa i baugen til den modubaserte kailøysinga, og kan setje bilar og passasjerar på land i opptil 1,5 meter høge bølger.

Skisse: GS Marine

Annonse

NETTVERKSKURS FOR LEDER STORFJORD HOTEL

Er du leder, erfaren eller helt ny se

Vi ønsker å bidra til at du som leder s solid og ekte nettverk, andre ledere å disk større saker med, noen å rådføre deg med n er som tøffest, noen som opplever det sam hver dag!

Kursdato: 2.april

Le



Karrierespesialister
Spør oss om veien videre



Vi bør kunne levere t
slike båtar i året. Då
vi auka kapasite



RELATERTE SAKER

Vel halvvegs med rekordkontrakt

På topp i skipsbygging

Hittil har dette vore vanskeleg på grunn av mykje sjø og dårlege landingstilhøve, dels med steile klipper.

Men Gursken-selskapet meiner å ha løyst dette problemet ved å byggje katamaranen slik at han automatisk kan koplust fast i baugen til ei spesialbygd kailøysing i stål.

- I offshore vind-industrien har ein slike løysingar, men dette er ikkje brukt før mellom eit fast anlegg på land og ein båt, seier Aasheim.

Billeg kailøysing

Det er selskapet Undertun Industrier som skal levere det modulbaserte kaisystemet.

- Nøkkelen er at dette er billeg å produsere, og kan setjast opp dei fleste stader, seier Aasheim.

Katamaranen vert festa i baugen til kaisystemet, slik at det berre er akterenden som vil bevege seg i bølgnene.

- Systemet vil fungere godt i bølgnar opp til 1,5 meter, seier Aasheim.

Batterihybrid

Den første katamaranen av den nye typen skal kunne ta 97 passasjerar og tre bilar.

I utgangspunktet skal katamaranen brukast til den stadig aukande turisttrafikken på øygruppa, men skal også fungere som reserveløysing for dei ordinære ferjene for Strandfaraskip Landsins.

Katamaranen vert ein batterihybrid.

- Han skal kunne gå rundt 1,5 time på batteri, slik at det vert ei heilt utsleppsfri og stille reise inn til fuglefjell og naturreservat, seier Aasheim.

Brødrene Aa-bakgrunn

Osingen har 12 års erfaring frå katamaranutvikling hos Brødrene Aa før han i 2014 vart teknisk sjef hos Fjellstrand. No er han innleigd av Gursken-bedrifta.

- Utruleg spennande, seier han.

Arbeidet på den nye katamaranen skal starte 1. mai og vare i eitt år.

Kontrakten vart signert av dagleg leiar Geir Flø i GS Marine og SSL-direktør Hilmar Eliassen i slutten av februar.

Så stor tru har bedrifta på nysatsinga at ein ser etter samarbeidspartnarar for utrustning av katamaranane.

- Ja, vi bør kunne levere tre-fire slike båtar i året. Då treng vi auka kapasitet, ikkje minst på utrustning, seier Flø.

Ikkje berre Færøyane

Han har stor tru på løysinga andre stader enn på Færøyane.

- Blant anna vil dette vere ideelle løysingar fleire stader i Nord-Norge.

- Dette er noko vi verkeleg har stor tru på, seier Flø.



FÆRØYANE: Planen er at med det modulbaserte kaisystemet og automatisk tilkopling til baugen på katamaranen, kan ein frakte passasjerar og tre bilar til stader med vanskelege landingstilhøve.

Skisse: GS Marine

UTVALGTE SAKER

Sande-selskap med gjennombrøt på

- Dette vil revolusjonere måten å tenke på.

Stor interesse for liten brikke frå tek gründerar

Disruptive Technologies henta inn over millionar før produktansering. No vil de kollegaer ved satellittkontoret i Volda.

- Eit fullstendig sjokk for dei tilsette

Tillitsvald Målfrid Levik gir ikkje opp kar vidare produksjon ved fiskematfabrikke Gjerdsvika.

Millionutbytte på cruisekai

Aksjonærane i Seawalk Geiranger traff cruisekai-satsinga si.